



Berekraftig verdiskaping

Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033



Vestland
fylkeskommune

FRAMSIDA: Siderklynga Hardanger vart initiert av Hardanger Siderproducentlag, Innovasjon Norge, Hordaland Fylkeskommune, Fylkesmannen i Hordaland og lokalt næringsliv. Siderklynga har ambisjon om at veksten i sidernæringa også skal gje verdiskaping for øvrige bransjar som reiseliv, råvareproducentar, industri og forskning. Foto: Yrjan Olsnes

Innhald

Vidare – saman!	5
Visjon	6
Hovudmål	6
Satsingar	7
1. Innleiing	9
1.1 Utfordringar og moglegheiter	11
1.2 Våre konkurransefortrinn	12
1.3 Hinder for utvikling	13
1.4 Framtidas eksportnæringar	14
1.5 Innanlandsmarknaden	15
2. Satsingar	17
2.1 Tema som gjeld alle satsingane	18
2.2 Grøn næringsutvikling	20
2.3 Innovative og inkluderande samfunn	22
2.4 Areal til næringsutvikling	24
2.4 Kompetanseutvikling i arbeidslivet	26
3. Frå plan til handling	29
3.1 Handlingsprogram og årsplanar	30
3.2 Samarbeid og forpliktande partnerskap	31
3.3 Verktøy og verkemiddel	31
3.4 Verknad for miljø og samfunn	31
3.5 Kopling til andre planar	32
3.6 Resultatmåling og evaluering	33
Definisjonar/ordliste	34

Vidare – saman!

Berekraftig verdiskaping – regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033 vart vedteken av Fylkestinget i Vestland 16. juni 2021. Vestland fylkeskommune har leia planarbeidet der 50 personar frå over 30 organisasjonar har deltatt i ulike arbeidsgrupper delt etter tema. Sju regionale, digitale høyringsmøte har samla over 400 deltakarar, og i høyringsrunden har 116 aktørar frå næringsliv, offentleg sektor og kunnskapsmiljø kome med langt over tusen skriftlege og munnlege innspel til planen. På denne måten har dei som planen gjeld, og som er avgjerande for å setje planen ut livet, fått påverke innhaldet. Medverknad er vesentleg for å utvikla ein relevant plan som kan setjast i verk og gjennomførast. Gode planar kjem ikkje av seg sjølve. Difor vil eg takke alle som har bidrege med konstruktive innspel i planarbeidet. Gjennom felles innsats i oppfølginga av planen, skal vi oppnå gode resultat – saman.

Fylkestinget har vedteke ein plan som set retning for næringslivet i Vestland dei neste tolv åra. Dette er ein plan for heile fylket, ikkje berre for arbeidet til fylkeskommunen. Ambisjonane i planen er store. Planen har som hovudmål at Vestland skal vere det leiande verdiskapingsfylket basert på berekraftig bruk av naturressursar, grøn næringsutvikling og innovasjon. Næringsplanen har fire hovudsatsingar som er bransjenøytrale og gjeld for alle næringane:

- **Innovative og inkluderande samfunn:**
Innovative samfunn fornyar seg og skapar verdi for verksemder, samfunn og innbyggjarar. Inkluderande samfunn tek vare på mangfald og motverkar utanforskap.
- **Grøn næringsutvikling:**
Produksjon og næringsaktivitet skal utviklast i ei retning som er meir berekraftig for miljø og klima, og i tråd med FN sine berekraftsmål.
- **Areal til næringsutvikling:**
Omfattar korleis vi nyttar naturressursar, og korleis vi legg til rette areal for ny næringsutvikling.



Jon Askeland

Jon Askeland
fylkesordfører

- **Kompetanseutvikling i arbeidslivet:**
Byggje den rette kompetansen for framtida, både i privat og offentleg sektor. Det er viktig å bruke kompetansen vi allereie har, samtidig som nye verdikjeder og forretning sområde set krav til ny kompetanse.

Planen skal vere med og styrke Vestland som region for verdslaiande, berekraftig næringsliv. Eit viktig grunnlag for utviklinga er kunnskapen og erfaringane som over lang tid er bygd opp i eksisterande næringsliv. Vi må ta vare på det vi er gode på i dag, legge grunnlag for ny innovasjon på tvers av verdikjeder og gripe nye moglegheiter. Både fylkeskommunen, næringslivet og samarbeidspartane våre i kommunane og resten av verkemiddelapparatet må bidra. Eit godt samarbeid er nøkkelen for å lukkast.

Visjon

Nyskapande og berekraftig

Hovudmål

Vestland skal vere det leiande verdiskapingsfylket basert på berekraftig bruk av naturressursar, grøn næringsutvikling og innovasjon



FORNYBAR RESSURS: Fossane i Vestland fylke er viktige for industrien, den grønne næringsutviklinga og turistnæringa. Den 110 meter høge Tvindefossen er ein svært populær turistattraksjon. Foto: Fjord Norge, Paul Edmundson.

Satsingar

Grøn næringsutvikling

Mål: Eit næringsliv i Vestland med netto nullutslepp i 2030



FLORØ: Verdás første lynladar for elbåt.
Foto: Truls Kleiven.

Innovative og inkluderande samfunn

Mål: Verdiskaping og nye grønne arbeidsplassar i heile fylket



ATTRAKTIV: Mangfald og inkludering er viktig for verdiskapinga. Foto: Andre M. Pedersen.

Areal til næringsutvikling

Mål: Rett areal til rett føremål til rett tid



MONGSTAD: Eitt av Noregs største næringsområde med 4 900 00 m² ledig regulert areal. Foto: ABP.

Kompetanseutvikling i arbeidslivet

Mål: Fleire arbeidstakarar med rett kompetanse



Foto: Morten Wanvik.





1. Innleiing

UTFORDRINGA: Elektrifiseringa av Noreg er i gang og Vestland har den grønne leiartøya. Planar om ny landbasert industri og elektrifisering av sokkelen vil føra til stor vekst i straumforbruket på Vestlandet i planperioden. Manglande kapasitet i kraftnettet er på kort sikt det største hinderet for å få realisert desse planane.
Foto: BKK, Evind Huse

Megatrender knytt til demografiske endringar, urbanisering, digitalisering, klimaendringar og pandemi påverkar utviklinga i Vestland. Dei grip inn i kvardagen til oss som bur her, dei påverkar næringslivet vårt, økonomien, miljøet og alt samfunnsliv. Dei tvingar også fram kortsiktige endringar og eit langsiktig behov for omstilling i næringsliv og samfunnsliv.

Vestland fylke og kommunane i Vestland har ei viktig rolle når det gjeld tilrettelegging for lokalt nærings- og samfunnsliv. Det skal no etablerast nye samarbeid, utviklast eit felles rammeverk, og leggjast til rette for gode, opne og føreseielege prosessar for verdiskaping og samfunnsutvikling. I dette arbeidet har Vestland fylkeskommune ei sentral rolle. Samfunnsoppdraget er å setja strategisk retning, engasjere og samhandle for å utvikla gode tenester og eit framtidsretta Vestland. Visjonen er å vera nyskapande og berekraftig. Dette er lagt til grunn for planarbeidet. Regionreforma har i tillegg gitt Vestland fylkeskommune ansvar for å

- **gje strategisk retning til samfunnsutviklinga, tilpassa regionale og lokale forhold**
- **mobilisere privat sektor, kulturliv og lokalsamfunn**

- **samordne og koordinere offentleg innsats og verkemiddelbruk**

Regional utvikling, verdiskaping og innovasjon krev langsiktig innsats og tett samarbeid mellom fleire aktørar. Korleis vi samarbeider er også viktig for dei resultatene vi når. Næringsutvikling kan vera krevjande, både når det gjeld finansiering, kapasitet og kompetanse. Gode resultat krev kunnskap og god koordinering frå fleire verkemiddelaktørar. Eit konstruktivt samarbeid bidreg til at dei regionale- og distriktpolitiske måla blir nådde i større grad.

Dersom framtidig verdiskaping, eksportverdiar, arbeidsplassar og velstand skal sikrast og utviklast må alle gode krefter i næringsliv, det offentlege, akademien og samfunnsaktørar elles jobbe saman om innovasjon på tvers av verdikjeder.

Innhaldet og satsingsområda i planen er utvikla gjennom samarbeid og samhandling med næringsliv, arbeidsliv, FoU-institusjonar, kommunar og regionale statlege aktørar. Medlemmene i Næringsforum Vestland har ein sentral rolle i dette samarbeidet. Dei har i fellesskap utarbeidd planen, og har også ansvar i oppfølginga av planen.



KATAPULT-SENTRE: Hos Ocean Innovation Norsk Katapult vert det testa ut løysingar for landbasert oppdrett. Katapultsentra gjer det enkelt for innovative bedrifter å utvikle prototypar, teste, visualisere og simulere, - slik at idear vert utvikla raskare, betre og med mindre risiko. Vestland har to av dei fem norske katapultsentra. Det andre, Sustainable Energy, har hovudkontor på Stord, tett på mange av Vestlandet sine pionerverksemder innan maritim miljøteknologi. Foto: Morten Wanvik.

1.1 Utfordringar og moglegheiter

Vestlendingen har alltid vore villig til å tilpasse seg. No når vi er på veg inn i den største omstillinga på lang tid veit vi at vestlendingen har kultur for utvikling i takt med endringar i samfunns- og næringsliv. Kultur betyr å dyrke, utdanne, oppdra og foredle. Dette gjeld både menneska og ressursane. Uansett kva vi måtte meine elles, det er individet og kunnskapen som skapar utvikling. Planen «Berekraftig verdiskaping» prøver å fange opp dette. Grøn næringsutvikling og areal handlar om ressursane, innovative og inkluderande samfunn handlar om samspelet. Kompetanse handlar om den samla og individuelle kunnskapen, erfaringa og dugleiken. Utøvande kultur er ofte næring i seg sjølv. Vestlendingen har eit typisk vestnorsk tonefall, men har slett ikkje same dialekt. Vi er vestlendingar, men likevel ulike. Difor må vi alltid ta med den regionale dimensjonen. Den store omstillinga vil fortone seg annleis, om du bur ved fjorden eller ved havet, i nord eller heilt i sør.

I arbeidet med berekraftig verdiskaping har Vestland to store utfordringar:

- **Få fart på den store omstillinga som skal gjere Vestland mindre oljeavhengig**
- **Sikre verdiskaping, arbeidskraft og arbeidsplassar i heile fylket**

Vestland er det største eksportfylket i Noreg. Om lag 25 prosent av den fornybare vasskrafta i landet vert produsert i vår region. I byar og tettstader langs kysten, i fjordane og i indre delar av fylket er det rike naturressursar, arbeidsplassar og verksemder som gir gode føresetnader å utvikla grøn konkurransekraft og berekraftig verdiskaping. Eit godt samspel mellom senter og omland på alle nivå må til. Då må det arbeidast målretta med å utbetra regionale og kommunale forskjellar på breiband-dekning og digital infrastruktur.

Godt samarbeid vil fungere som ei drivkraft i seg sjølv, men også sikre verdiskaping, arbeidskraft og arbeidsplassar i heile fylket. Eit fylke med næringsliv, fleire utdanningsinstitusjonar, kunnskapsmiljø og teknologimiljø som er verdsleiar på sine område. For å behalda og styrka denne posisjonen trengs det rett kompetanse på riktig plass. Skal næringane våre framleis vere konkurransedyktige internasjonalt trengs det innovasjon tufta på god og relevant utdanning og erfaringsbasert kunnskap.

Bergen er hovudstaden på Vestlandet og ei drivkraft for utviklinga i heile landsdelen. Bergen og regionsentera skal vere attraktive stader å bu, skal tilby kunnskap, kunst og kultur til heile regionen og legge til rette for nytt og eksisterande næringsliv. Fylket vårt er vertskap for sterke næringsklynger, forskings- og utdanningsinstitusjonar. Dette må synleggjerast på ein tydelig måte slik at heile Vestland kan styrke posisjonen sin nasjonalt og internasjonalt.



VIKTIG EKSPORTNÆRING: Marin sektor er sentral for verdiskapinga og samfunnsutviklinga i mange små og store lokalsamfunn. Foto: Morten Wanvik.

Det som i dag er viktige næringar vil i stor grad framleis vere det. Fornybar energi, marin sektor, maritim sektor, prosesindustri, mineralutvinning og reiseliv, media og kulturbasert næringsliv er sterke bransjar som både har konkurransekraft og gir ringverknader i den regionale- og nasjonale økonomien. Landbruket har som si viktigaste oppgåve å produsere mat. Skogsdrifta bidrar positivt til klimaet, både som karbonlager og fornybar ressurs som kan erstatte meir klimabelastande alternativ. Næringa gjev i tillegg grunnlag for arbeidsplassar både direkte og indirekte, skjøttar kulturlandskap og bidreg til busetnad i heile fylket. Verdikjeder knytt til alle desse bransjane inneheld kunnskapsintensive, tenesteytande næringar og spesialiserte underleverandørar.

Den forventna nedgangen i olje- og gassproduksjonen vil på sikt skape eit eksportgap som må fyllast skal vi oppretthalde velferdsnivået i fylket og i landet elles. Kompetansen, teknologien og det internasjonale nettverket som er bygd opp etter fleire tiår med olje- og gassverksemd i Noreg, er heilt avgjerande for å drive fram teknologioverføring, utvikling og innovasjon både i etablert og nytt næringsliv. Utfordringa er å posisjonere næringslivet i Vestland i ein global marknad og byggje verdikjeder for å forsterke eksportnæringar og sikre auka verdiskaping. Det krev både større eksport frå eksisterande næringar, og utvikling av nye eksportnæringar.

Det er ei overordna målsetting at heile fylket skal takast i bruk, og at alle skal ha like moglegheiter til å delta i verdiskapinga. Arbeidet skal vera relevant, samstundes som det bidrar til eit berekraftig og innovativt nærings- og samfunnsliv. Dette er krevjande når delar av fylket er prega av nedgang i folketalet, aldning og spreidd busetnad. Då blir tilgangen på arbeidskraft med rett kompetanse ei stor utfordring for næringslivet i distrikta.

1.2 Våre konkurransefortrinn


Skal vestlandsk næringsliv bli meir robust for ei klimavenleg framtid, må innsatsen rettast mot næringar som har stort potensial for låge klimautslepp, god lønsemd og internasjonal vekst. Framtidsscenario for næringslivet i Vestland fram mot

2035 viser både kva vi bør jobbe med for å styrka verdiskapinga i fylket, og kva som kan skje dersom det eksportretta næringslivet ikkje klarar å tilpasse seg utviklinga med nye internasjonale krav og skjerpa konkurranse. Scenariot viser at grøn omstilling og verdiskaping er heilt avgjerande for å lukkast. Figuren under viser dei viktigaste konkurransefortrinna Vestland har for denne omstillinga.

Dei viktigaste konkurransefortrinna i Vestland



Kystlinje og hamner er strategisk posisjonert for all industri der hav møter land



Verdsleiande klynger



Høgkompetent UH-sektor, fagskular og forskingsinstitutt



Høgkompetent arbeidsstyrke



Leiande på eksport i ei rekkje næringar



Areal til å skape ny industri utan å gjere ytterlegare naturinngrep



Velutvikla infrastruktur og potensiale for å realisere sirkulære forretningsmodellar



Verdas vakraste fjordar og fjell



Kraftfylket

(Kjelde: «Vestlandsscenarioer 2020 – Felles kunnskapsgrunnlag for en foretrukket framtid», EY på oppdrag av Vestland Fylkeskommune, NHO, LO, KS, NAV, Bergen Næringsråd, Næringsalliansen i Hordaland, Sogn og Fjordane Næringsråd, Bergen kommune og Atheno).

1.3 Hinder for utvikling

Elektrifiseringa av Noreg er i gang og Vestland leier an. Det er varsla stor vekst i straumforbruket i Bergen og omland i planperioden. Ny landbasert industri og elektrifisering av sokelen vil dobla forbruket i Bergen og omland i løpet av få år.

Manglande kapasitet i kraftnettet er på kort sikt det største hinderet for å få realisert desse planane. Utan oppgradering og fornying av kraftnettet vil det ikkje vera mogleg å etablere ny kraftkrevjande industri dei neste 5-10 åra.

Finn vi ikkje ei løysing på dette vil det føre til at vi tapar konkurransekraft, attraktivitet internasjonalt og at vi ikkje får sett i gang kritiske pilotprosjekt for berekraftig verdiskaping.

Dei største hindra for utvikling i Vestland



Mangel på nettkapasitet hindrar nyetablering og vekst



Tap av kompetanse og infrastruktur frå olje og gass



Manglande realitetsforståing. Vi er for seint ute



Manglande samarbeid på tvers av verdikjeder og geografi



Nasjonale virkemiddel som ikkje tilpassa EU



Heimemarknad og reguleringar



For stort gap mellom forskning, utdanning og næringsliv



Manglar erfaring fra pilotering, skalering, kommersialisering



Manglande tilgang på kompetanse og hjerneflukt

(Kjelde: «Vestlandsscenarier 2020 – Felles kunnskapsgrunnlag for en foretrukket fremtid», EY på oppdrag av Vestland Fylkeskommune, NHO, LO, KS, NAV, Bergen Næringsråd, Næringsalliansen i Hordaland, Sogn og Fjordane Næringsråd, Bergen kommune og Atheno).

1.4 Framtidas eksportnæringar

Vestland har sju næringar som er prega av internasjonal konkurranse. Dette er olje og gass, fornybar energi, maritim, marin, reiseliv, prosess- og verftsindustrien. Alle desse næringane kjem til å bli påverka av endra internasjonale rammevilkår som følgje av forsterka krav til berekraft, karbonnøytralitet, nullutslepp og klimatilpassing. Det er difor kritisk for Vestland at vi lukkast med å tilpasse og utvikle eksportretta verdikjeder.

Dei fire eksportnæringane; sjømatnæringa, maritim næring, prosessindustrien og fornybarnæringa har allereie eit stort

eksportvolum, og ein auke kan ha stor betydning for framtidig verdiskaping. Alle desse næringane har eit stort potensial i framtida sitt lågutsleppssamfunn fordi dei har høg produktivitet, stort eksportvolum og gode moglegheiter for å kutte i klimagassutslepp. Fortrinna vert forsterka ved høgare internasjonal avgift på utslepp. Reiselivsnæringane er prega av lågare produktivitet, men er viktig for Vestland med store overrislingsverknader i resten av samfunnet.

Kutt i klimagassutslepp krev auka elektrifisering, mellom anna på norsk sokkel. Det krev store kraftressursar og stor framføringskapasitet. Det er ei utfordring å unngå at dette hemmar anna, alternativ næringsutvikling basert på elektrisk kraft. Sjølv om utgangspunktet er betre for Vestland enn andre regionar, vil ein venta nedgang i olje og gass vere krevjande å møte. For å bøte på dette må næringslivet i Vestland

Verdikjeder, inklusive sirkulære modellar og energisystem som har særskilt potensial for grøn omstilling og nye eksportverdiar




Sjømat/havbruk



Grøn skipsfart




Havvind



CCS




Mineral og lettmetall



CCU



Hydrogen



Batteri



Berekraftig reiseliv



Energisystem



Sirkulære modellar

(Kjelde: «Vestlandsscenarioer 2020 – Felles kunnskapsgrunnlag for en foretrukket framtid», EY på oppdrag av Vestland Fylkeskommune, NHO, LO, KS, NAV, Bergen Næringsråd, Næringsalliansen i Hordaland, Sogn og Fjordane Næringsråd, Bergen kommune og Atheno).



LANGSKIP/NORTHERN LIGHTS: Det er planar om å investere millardar på fullskala CO2-fangst og lagring i Noreg. Klimagassen skal fraktast med tankskip til Kollsnes i Øygarden. Der skal den mellomlagrast i eit tankanlegg. Så skal den pumpast gjennom eit 110 kilometer langt røyr ut i Nordsjøen. Og vidare til lagringsplassen over tre kilometer under havbotnen. Ill.: Northern Lights JV

førebu seg på å tette eksportgapet ved å skape nye verdier gjennom auka eksport av varer og tenester med fokus på endra rammevilkår knytt til klima, miljø og berekraft.

Vestland har verdsleiande klyngemiljø og næringsalliansar som allereie har, og kan ta, ein leiande posisjon i det grønne skiftet. Næringslivet i Vestland bør bygge vidare på eksisterande næringar kor Vestland både har naturgitte og kompetansmessige føresetnader. Elleve verdikjeder hovudsakleg forankra i fornybar energi, havnæringar, industri og sirkulærøkonomi har særskilt potensial for grøn omstilling og nye eksportverdier. Av desse er særskilt havvind, hydrogen (blå og grøn), karbonfangst og -lagring (CCS) og løfta fram av EU og Noreg. Når det gjeld CCS er det sett i gang nasjonal satsing på mottaksanlegg for CO2 ved Kollsnes i Øygarden. Dette er ei del av Northern Lights-prosjektet for fullskala karbonfangst og -lagring, og omfattar transport, mottak og permanent lagring av CO2 i eit reservoar i den nordlege delen av Nordsjøen.

1.5 Innanlandsmarknaden

Dei fleste i arbeidslivet arbeider i bedrifter som sel varer og tenester til ein lokal, regional eller nasjonal marknad, eller dei arbeider i offentleg sektor.

Landbruket er kanskje den næringa som har teke ut største effektiviseringsgevinstane siste åra, noko som har ført til

færre bønder. Likevel har verdikjedane knytt til landbruket stor betydning for sysselsetjinga i Vestland. Daglegvarebransjen, bygg og anlegg er mellom dei aller viktigaste næringane i Norge med tanke på å halde hender i arbeid. Fleirtalet av dei sysselsette i reiselivet arbeider i ein lokal og nasjonal marknad.

Denne planen tek utgangspunkt i at vi skal halde fram med å stø utviklingsarbeidet i desse viktige næringane. Offentleg sektor er på den eine sida ein forbrukar av midlar frå fellesskapet, men også ein vesentleg økonomisk faktor i form av store investeringar og innkjøp. Investeringar i vegar og anna infrastruktur, offentlege bygg, leveransar av varer tenester betyr mykje for ei rekke næringar. Denne innkjøpsmakta vil i større grad bli ein grøn innovasjonsdrivar for privat næringsliv, for på den måten motivere næringslivet til å utvikle nye berekraftige løysingar.

Kultur er også ein innsatsfaktor som skaper stor økonomisk aktivitet, mykje av denne aktiviteten er næringsverksemd. Samla er alle desse næringane ein stor del av verdiskapinga. Norge er ein liten marknad, og skal vi utvikle norsk økonomi, må vi bruke merksemd på dei næringane som har eit potensial internasjonalt. Desse kan vi skildre som «motorane» i verdiskapinga, akkurat som produksjon og distribusjon av olje og gass har vore avgjerande for velstandsutviklinga vår.





2. Satsingar

FRÅ OLJE TIL VIND: Hywind Tampen er Noregs første flytande vindpark til havs. Betongfundamenta er produsert på Stord og Dommersnes. Tårnseksjonane er montert i Gulen. Vindparken skal bidra til reduserte utslepp i Nordsjøen. Eitt av scenarioa i EU er at ein tredel av straumen skal koma frå flytande vind innan 2050. Lukkast satsinga på Vestlandet, kan havvind bli ein ny marknad for leverandørindustrien til olje og gass.
FOTO: Aker Solutions/Lars Melkevik.

2.1 Tema som gjeld alle satsingane

Heile Vestland skal takast i bruk, men innsatsen må ha eit regionalt perspektiv og tilpassast behov i ulike delar i fylket. Nokre tema og arbeidsområde er likevel felles.

Samhandling og møteplassar

Vi må legge til rette for innovasjonsnettverk og møteplassar på tvers av bransjar. For å nå måla i planen treng Vestland fylkeskommune partnerar i fylket som bidrar med dei verke-midla dei rår over, og kunnskap som supplerer og utfyller den kunnskapen som fylkeskommunen har. Mange utviklingsmiljø og organisasjonar i fylket har stor kompetanse, og unik nærleik til næringsaktørar og ulike geografiske område, og kan tilpasse innsatsen i ulike deler av fylket.

Internasjonalisering

Vi opererer i ein internasjonal kontekst som set rammevilkår for næringsliv og offentleg sektor i Noreg. Internasjonale avtaler krev utvikling av berekraftige, utsleppsreduerte pro-

dukt og tenester. Historisk og kulturelt har Vestland dei beste føresetnadene for å lukkast med ei grøn omstilling tilpassa behov i internasjonale marknader. For å lukkast er det viktig at regionale kunnskapsmiljø, næringsliv og offentleg sektor rettar blikket mot nasjonale og internasjonale satsingar på innovasjon og konkurransekraft. Gjennom internasjonalt samarbeid skal vi byggje kunnskap og kompetanse, utvikle nettverk og skaffe finansiering av samarbeidsprosjekt og investeringar.

Felles kunnskapsgrunnlag, analysar og kommunikasjon

Gjennomføring av planen må vere kunnskapsbasert. Vi skal samarbeide om å oppdatere analysar, initiere større kunnskaps- og forskingsarbeid og dele kunnskap. Informasjon om måla våre, og resultat av satsingane, skal vere eit felles prosjekt. Dette er avgjerande for å sikre breitt eigarskap til utfordringar, moglegheiter og løysingar.

Forsking og innovasjon

Forsking har ei sentral rolle i innovasjonssystemet. Vi skal stimulere næringsliv og offentleg sektor til å nytte forskning i egne utviklings- og innovasjonsprosessar, og som grunnlag



VEST-NORGES BRUSSELKONTOR: Vestland er representert med eige regionkontor i Norway House, Brussel. Kontoret fungerer som eit bindeledd mellom regionale aktørar i Vest-Norge og EU. Formålet er å fremja felles samfunnsinteresser knytt til m.a. FoU, næring og kultur. Det er også viktig å synleggjera vest-norske aktørar som interessante samarbeidspartnarar for andre regionar i Europa. Foto: VNB



FJORD OG FJELL: Den vakre naturen på Vestlandet gjer Noreg til eit attraktivt reisemål ute i verda. Foto: Øystein Grutle.

for politikk og vegval. Vi skal auke finansiering av forskning gjennom regionale ordningar, og få betre uttelling i nasjonale og internasjonale forskings- og innovasjonsordningar. Det er behov for å vidareutvikle og skape nye arenaer for samarbeid om forskingsbasert innovasjon mellom næringsliv, offentlig sektor og forskingsaktørar, særleg i møte med dei utfordringane og moglegheitene Vestland står framfor.

Infrastruktur og digitalisering

Næringsutvikling og verdiskaping er avhengig av god infrastruktur. Framtidig verdiskaping føreset gode regionale løysingar for transport og kommunikasjon. Vi må sørge for

gode transportmoglegheiter for både gods og folk. Vi må ha tilstrekkeleg kapasitet på breiband, mobilnett og tilgang til elektrisk kraft. Vi må sørge for samordna planlegging og innsats.

Innovasjonsinfrastruktur

Det må skapast ein god, regional innovasjonsinfrastruktur. For næringslivet handlar det om meir enn pengar. Kopling opp mot internasjonale kundar, investorar, samarbeidspartnarar og andre nettverk for å bygge forretningsrelasjonar og nettverk er viktige hovudaktivitetar.

2.2 Grøn næringsutvikling

MÅL:

Eit næringsliv i Vestland med netto nullutslepp i 2030

Grøn næringsutvikling betyr at produksjon og næringsaktivitet skal utviklast i ei retning som er berekraftig for miljø og klima, tar omsyn til økologi, og er i tråd med FN sine berekraftsmål. Dei globale trendane som er drivarar for denne utviklinga vil påverka Vestland på mange områder. EU sin grønne vekststrategi – European Green Deal – vil påverka det internasjonale og eksport-retta næringslivet i vårt fylke. Sentrale element blir eit eige klassifiseringssystem (taksonomi) for økonomisk berekraft, standardar og merkeordningar for grønne produkt, og fremjing av investeringar i berekraftige prosjekt.

Satsinga på grøn næringsutvikling omfattar både eksisterande næringsliv og nye verdikjeder og forretningsområde som er nødvendige for å tette eit veksande eksportgap, Vi skal bygge vidare på dei næringane kor vi allereie er gode, og ta med oss den kompetansen, infrastrukturen og ressursane som er bygd opp over mange år inn i nye næringar som er i slekt med desse. Næringslivet, offentleg sektor og forskings- og kunnskapsmiljøa må jobbe saman for å avdekke kor dei nye forretningsmoglegheitene ligg.


Vi har særleg løfta fram fornybar energi, havnæringar, teknologi og industri og sirkulærøkonomi som viktige område i den store omstillinga Vestland står ovanfor.

Fornybar energi

Vestland er det viktigaste energifylket i landet, og omstillinga frå svart til grøn energi må lukkast her. Potensialet for å utvikla nye verdikjeder med industrielt preg er stort, men det er utfordringar med kapasitet i elnettet. Gode rammevilkår for den kraftforedlende industrien må sikrast. Det er viktig å leggja til rette for regional utvikling som gjer at kommunar kan utvikle ressursar lokalt.

Havnæringar

Utgangspunktet er godt – sidan vi har svært kompetente arbeidstakarar. verdslaiende verksemdar, klynger og kunnskaps- og forskingsmiljø i havnæringane i heile Vestland. Forskningsrådet si havportefølje målber i tillegg satsingar på det marine, det maritime, havbruk og havteknologi.



BEREKRAFTIG DATALAGRING: Vestlandet har eit unikt utgangspunkt for å bli verdas mest attraktive datasenterregion. Vi har overskudd på fornybar energi, låge straumprisar, god digital infrastruktur og eit kjølig klima. Foto: Lefdal Mine Datacenter.

Sirkulærøkonomi

Dette blir ei overordna føring og eit viktig verktøy som omfattar alle bransjar, sjølv om ulike bransjar har ulike utfordringar. Sirkulærøkonomi blir ein tung føresetnad for å delta i EU-program, og regelverk og rammevilkår kjem til å bli tilpassa «green deal-strategien» på dette området. Skissert utvikling vil krevja kompetanseløft på mange nivå i samfunns- og arbeidsliv.

Teknologi og industri

Framtidas tenestebehov krev nye arbeidsmetodar og auka bruk av teknologi. Endra økonomiske rammevilkår krev at offentleg sektor må jobbe smartare, effektivisere, innovere og digitalisere. I næringslivet kan ny teknologi og nye forretningsmodellar leggja til rette for innovasjon. Digitale løysingar kan leggja til rette for betre kunnskapsdeling og nye tenester. Eksisterande industri må også omstilla seg i møte med ny teknologi og digitale løysingar. Nye arbeidsplassar oppstår i stor grad der det vert levert produkt og tenester som stør digitalisering. På same måte vil digitaliseringa krevje industriell produksjon, kompetanse og omstilling av eksisterande industri.

Den store omstillinga

Den forventa nedgangen i olje og gass vil på sikt skape eit eksportgap som må fyllast, dersom vi skal oppretthalde velferdsnivået i Norge. Det blir ei stor utfordring å ta ut større eksport frå eksisterande næringar, utvikle nye eksportnæringar, og samstundes oppretthalde eksportinntekter på dagens nivå.

Framover må det arbeidast kontinuerleg med å identifisere grønne verdikjeder som bedriftene kan innrette sine produkt og tenester mot, og som nye bedrifter kan ta ein posisjon i. Eksisterande næringsliv må granske om dei har produkt, tenester og teknologi som kan ha eit uforløynt potensial i internasjonale marknader. Det må bli enklare for innovative bedrifter å utvikle prototypar, teste, simulere og visualisere, slik at idear vert utvikla raskare, betre og med mindre risiko. I prosessen frå ide til marknad er det viktig med relevant forskning som kan bidra til auka kunnskapsgrunnlag.

Samtidig må det arbeidast langsiktig med å utvikle eksportnæringar som kan ta posisjonar i nye verdikjeder og framvekssande marknader. Det offentlege kan bidra med å peike på samfunns-utfordringar med forretningsmoglegheiter. Der kan offentleg sektor nytta si innkjøpsmakt til å sikra utvikling av nye, grønne produkt og løysingar som kan eksporterast.

Forme om næringslivet til ei berekraftig framtid

Verksemdene i Vestland må utvikle seg i ei grønar retning for at vi skal nå målet om netto nullutslepp i næringslivet. Dei må gjerast klare til å produsere og optimere eksisterande drift, samtidig som dei arbeider med å utvikle nye produkt og nye verdikjeder. EU utformar politikk som påverkar norske bedrifter. Det er viktig å følge denne politikktutforminga



GRØN SKIPSFART: Batterisystem til maritim bruk er ein viktig del av Vestland si satsing på grøn skipsfart. Teknologien har eit internasjonalt potensiale og kan bli ein del av løysninga for å nå EU sine mål om nullutslepp innan 2050. Foto: Morten Wanvik.

tett for å kunne handtere nye reguleringar som kan påverke konkurranseevna til bedriftene, og for å dele informasjon med næringslivet som kan vere avgjerande for vegval. Finansiering frå EU-program blir viktig for bedrifter og FoU-miljø. For å sikre kommersialisering og oppskalering av grønne løysingar er det naudsynt å ha tilgang til gode testfasilitetar og vekstkapital. Det vil også bidra til å få fram ei breidde av nye berekraftige løysingar.

Grønt næringsliv i heile fylket

I tråd med endringar i næringslivet, må det arbeidast med å vidareutvikle og skape nye arbeidsplassar, som er viktige i ulike delar av fylket. Det må utviklast kompetansmiljø og arbeidsplassar som bevarer, tiltrekker og utviklar kompetanse. Slike miljø vil bidra til å tiltrekke seg bedrifter som kan skape nye arbeidsplassar ved å etablere seg i fylket. Ny næringsutvikling og ny industri må gjerast med ei målsetting om at det skal gjerast utan nye naturinngrep – fortetting rundt eksisterande industriområde kan vere ei løysing.

2.3 Innovative og inkluderende samfunn

MÅL:

Verdiskaping og nye grønne arbeidsplassar i heile fylket

Innovative samfunn fornyar seg og skapar verdi for verksemdar, samfunn og innbyggjarar. Det vert eksperimentert for å finne nye løysingar på samfunnsutfordringane. Inkluderande samfunn tek vare på mangfald og motverkar utanforskap. Det er attraktivt for ungdom og høgkompetent arbeidskraft å bu og jobbe der. Vestland sine innbyggjarar skal ha like moglegheiter til å delta i verdiskapinga gjennom relevant arbeid i eit berekraftig og innovativt nærings- og samfunnsliv.

Vi må i fellesskap identifisere samfunnsutfordringar og næringspotensiale som mange sektorar må samarbeide om for å få løyst. Det krev mot, samspel og kunnskapsdeling på tvers av fylket. Byar og distrikta utviklar seg saman. Vi må sjå ting i samanheng, og få fram kva vi er gode på. Verdiskapinga er avhengig av gode lokalmiljø, sterke bu- og arbeidsmarknadsregionar, med relevante utdanningstilbod, og ein kultur for innovasjon og medverknad.

Samtidig som Bergen, dei andre byane og regionsentra styrkar sin posisjon, må ein sikre at det er tilstrekkeleg med arbeidskraft og arbeidsplassar i heile fylket. Skal vi få attraktive og nyskapande arbeidsplassar i heile fylket krev det gjensidig utvikling av lokalsamfunn, næringsliv og arbeidsplassar. Gode lokalsamfunn må danne ramma for berekraftig verdiskaping. Eit aktivt, oppdatert og innovativt kulturliv er med på å utvikle samfunnet og set i gang samfunnsmessige endringar. Eit godt kulturliv som fremjar oppleving og deltaking er viktig for å tiltrekke seg og behalde naudsynt kompetanse og arbeidskraft både i byar og mindre lokalsamfunn.

Utvikle berekraftige og inkluderande bu- og arbeidsmarknadsregionar

Vi må sikre trygge arbeidsplassar innan berekraftig næring og industri, som byggjar på regionane sine fortrinn. Auka



MEDIA CITY BERGEN: Digitale løysingar og oppdatert digital infrastruktur er viktig for å legge til rette for informasjonsdeling på tvers av bransjar og nivå, offentlig sektor, klynger og forsking- og utdanningsinstitusjonar. Foto: Morten Wanvik.

attraktivitet og bulyst er avgjerande. Kulturliv og kultur næringer er viktige både for å skape attraktive og framtidsetta samfunn, og som drivkraft for reiseliv- og servicenæringa. Vi må spesielt prøve ut nye tiltak i distriktspolitikken for å få fleire unge til å busette seg i distrikta. Det krev innsats og innovative tiltak både frå enkeltkommunar, fylket og staten. Eit langsiktig satsing på utflytting av statlege arbeidsplassar må til.

Relevant kompetanse og utdanning, og gode system for livslang læring er avgjerande for å sikre arbeidskraft som tek høgde for skiftande behov i arbeidslivet. Vi må legge til rette for tilgang på fleksible utdanningstilbod i den einskilde bu- og arbeidsmarknadsregion, frå vidaregåande opplæring og fagskule til doktorgrad. Vi må jobbe for å styrke og samle tilbod om karriererettleiing frå skule til arbeidsliv, og legge til rette for å behalde ferdig utdanna i eige fylke.

Det er behov for å etablere felles geografisk regioninndeling, som er hensiktsmessig for brukarar av ulike tenester, på tvers av forvaltningsorgan. Infrastruktursatsingar i fylket må også bidra til å utvikle større bu- og arbeidsmarknadsregionar. Digital infrastruktur er ein avgjerande faktor.

Dele og dra nytte av innovasjonsinfrastruktur uavhengig av geografi

En regional innovasjonsinfrastruktur handlar om gode nettverk, forretningsrelasjonar, lokalisering av fysiske testanlegg, og system der det er lett og naturleg å dele informasjon og kompetanse. Det må bli enklare for innovative bedrifter å utvikle prototypar, teste, simulere og visualisere, slik at idear vert utvikla raskare, betre og med mindre risiko. I prosessen frå ide til marknad er det viktig med relevant forskning som kan bidra til auka kunnskapsgrunnlag.

Vi vil legge til rette for informasjonsdeling om kva som skjer innafor aktuelle bransjar, og på tvers av bransjar og nivå – mellom næringsaktørane, offentleg sektor, klynger og forskning- og utdanningsinstitusjonar. Alle må kjenne til kva den infrastrukturen kan levere, og korleis ein tar det i bruk. Vi ønskjer plassere ny infrastruktur strategisk med tanke på naturressursar, eksisterande manglar innan infrastruktur, arealbehov og bransjebehov.

Digitale løysingar og oppdatert digital infrastruktur er viktige føresetnader for å nå dette målet.

Bygge kultur for innovasjon og medverknad

Utvikling av regionen, lokalsamfunn og offentlege tenester krev aktiv og reell involvering av næringsliv, innbyggjarar og brukarar. Fylkeskommunen, statlege aktørar, kommunar,



GIGABIT-SAMFUNNET: Femte generasjons mobilnett - 5G - gir betre fart og større kapasitet, fleksible og innovative løysingar. Private nett, enorme mengder data i sanntid, og automatiserte prosessar. Og alt det vi ennå ikkje veit. Foto: Hans Inge Gloppen.

lokalsamfunn, universitet- og høgskule-sektoren og frivillige organisasjonar må samhandle for å løyse komplekse samfunnsutfordringar, og legge til rette for næringsutvikling og det grønne skiftet.

Vi må alle anerkjenne mangfald og inkludering som ein styrke for nærings- og samfunnsutvikling,

Det offentlege må aktivt legg til rette for samskaping og bruk av verktøy for innovasjon, entreprenørskap og medverknad. Her er offentlege innkjøp eit kraftfullt verktøy. Vi må hente inspirasjon både nasjonalt og internasjonalt.

2.4 Areal til næringsutvikling

MÅL:

Rett areal til rett føremål til rett tid

Areal til næringsutvikling omfattar korleis vi nyttar naturressursar, og korleis vi legg til rette areal for ny næringsutvikling. Rett areal for rett næring, der ein har tatt omsyn til tilgang til infrastruktur er også eit sentralt element. Kommunane har gjennom sitt ansvar for arealforvaltning ei sentral rolle i denne satsinga.

Eit klima- og miljøvenleg utbyggingsmønster fører til at transportbehovet vert avgrensa, reduserer klimagassutslepp og sparar verdifulle areal. Fylket har stor produksjon av fornybar elektrisk kraft, men utfordringa er å dra større nytte av krafta i eige fylke. Akvakultur og fiskeri er viktige næringer, men vi må nytte dei innanfor berekraftige rammes.

Framføring av elektrisk kraft, vindkraft, mineralutvinning, fiskeoppdrett, landbruk, bustadutvikling, vegar og bruer krev tilgang til areal på land og sjø. Dette er krevjande, men viktig for å skape grunnlag for verdiskaping. Fleire stader medfører dette interessekonfliktar opp mot jordvern, kulturminne, friluftsiinteresser og inngrep i urørt natur. I enkelte område er det knappheit på areal som er tilpassa dei næringane som vert satsa på, andre stader kan eksisterande næringsareal få nytt formål eller fortettast slik at næringsutvikling skjer utan nye naturinngrep.

Den mest plasskrevjande næringa er landbruket, den nasjonale jordvernstrategien set mål for kor mykje landbruksjord som kan omdisponerast per år. Regional plan for innovasjon og næringsutvikling ser jordvernstrategien som ein sentral indikator for jordvern

Kunnskapsgrunnlaget varierer, og denne planen peikar på at kunnskapen om særleg sjøareal og fjellareal må betrast. Satsing på alternativ energi og mangedobling av havbruksproduksjonen aktualiserer problemstillinga.

Regional samordning mellom kommunar, regional stat og fylkeskommunen i høve planlegging av næringsareal

Mange kommunar, særleg dei minste, slit med utdatert planverk. Konsekvensen er auka bruk av dispensasjonar. Dette kan løysast ved auka samarbeid kommunane i mellom om sjølve planverket, det vil seie fleire interkommunale arealplanar, eller auka samarbeid om sjølve plankompetansen. Begge deler vil truleg krevje regional medverknad og støtte.

Kommunane er planstyresmakt i arealsaker. Samstundes er det fleire utfordringar som kan løysast best gjennom interkommunalt samarbeid. Fylkeskommunen og statlege styresmakter bør ta ei tydeleg rolle som rådgjevar tidleg i planprosessen. Kommunane bør arbeide saman om omfattande planar, og utvikle felles plankompetanse der dette manglar.

Regionale styresmakter kan gi tydelege råd i saker som krev samordning mellom kommunane. Det er behov for å gå inn i prosessane tidleg for å hjelpe kommunane med planarbeidet. Det er også viktig å arbeide med å auke samarbeid

Sentrale føringar for planlegginga av næringsareal er:

- Rett areal til berekraftig verdiskaping/grøne næringer. Berekraftig areal til akvakultur
- Utbygging av ny næringsutvikling og ny industri skal skje på ein så skånsam måte som mogleg
- At planar er oppdaterte, og at planlegginga er kunnskapsbasert
- At det regionalt vert kartlagt viktige areal for næring og viktige område som ikkje skal byggast ut, samtidig som at det vert tatt omsyn til jordvern / vern av landbruksareal
- Arbeide for meir interkommunal planlegging knytt til næringsareal
- Inkludere næringsaktørar og bedrifter i planlegging av areal til næringsutvikling

mellom kommunar om plankompetanse. Vidare må regionale styresmakter arbeide aktivt med å levere relevant kunnskap innafor sitt ansvarsområde til kommunane for bruk i arealplanar.

Regionale styresmakter må leggje til rette for samordning i høve til næringsareal. Vestland må ha ei differensiert arealforvaltning - det vil vere ulike utfordringar i by og land, kyst og innland, som må takast omsyn til.

Tilgang til næringsareal er basert på berekraftig bruk av naturressursar, grøn omstilling og innovasjon i næringslivet

Det er behov for å styrka koplinga mellom kommunale samfunnsplanar og arealplanar. Det må sikrast at det er sett av areal i arealplanar til den næringsutviklinga det vert lagt opp til. Fylkeskommunen og statsforvaltaren må arbeida saman med kommunane om å halde arealplanar oppdaterte. Ein viktig arealressurs er reetablering i eksisterande handels- og næringsområde, og det å endre arealformål for å tilpasse seg næringsliv i endring. Det er mogleg å utvikle ny industri utan nye naturinngrep, t.d. gjennom reetablering og fortetting rundt eksisterande handels-, industri- og næringsområde.


Det er behov for å samordne planmessig utvikling av areal til næringsutvikling. Ikkje alle kommunar treng alle typar areal, Innafor bu- og arbeidsmarknadsregionar bør dette samordnast. Det må arbeidast med å få næringslivet til å delta aktivt i planprosessane.

Utarbeide tilrådingar for rekkefølgjekrav i samband med utarbeiding av næringsareal

Det er utifrå eit samfunnsperspektiv behov for å arbeide med gode prinsipp for utarbeiding av gode rekkefølgjekrav, for at desse skal framstå som rimelege. Det er viktig å vekke interessene til utbygger på like line med andre interesser

Arbeide med å optimalisere tidsbruk i planlegginga

Næringslivet vert i 2033 opplevd som aktive i planarbeid, også på område som ikkje berre gjeld eiga verksemd. Næringsorganisasjonane får ei rolle i planlegging av næringsareal. Det vert arbeidd med å optimalisere tidsbruk i planlegginga. Eit viktig tiltak er å gi tiltakshavar kunnskap om lovkrav i planleggingsprosessen for å avstemme forventningane mot realistisk tidsbruk.



BØMLO FISKERIHAMN: Vestland fylkeskommune har ansvar for fleire fiskerihamner i fylket. Dei er viktig for hele regionen, og skaper store ringverknader. I Langevåg på Bømlo er det planar om nye industrikaiar, nytt og større fiskemottak/slakteri, produksjon av sjømat, røykeri, frysehull i fjell, fiskeriservicenæring, landbasert oppdrett og base for hav-basert oppdrett. Ill.: Multiconsult.

2.4 Kompetanseutvikling i arbeidslivet

MÅL:

Fleire arbeidstakarar med rett kompetanse

For at Vestland skal lukkast må vi bygge kompetanse for framtida, både i privat og offentlig sektor. Bedriftene i Vestland kan ikkje lukkast med omstillingsarbeidet utan tilgang på rett kompetanse og tilstrekkeleg arbeidskraft. Nye verdikjeder og forretningsområde set krav til ny kompetanse. Offentleg sektor må sikre gode og effektive tenester til innbyggjarane gjennom auka bruk av digitalisering og ny teknologi.

Vestland har mange forskings- og utdanningsinstitusjonar med sterke fag- og kompetansemiljø som er avgjerande for utviklinga av eit nyskapande næringsliv. Det er viktig å bygge kapasitet og kunnskap, som er relevant for den grønne

omstillinga, i desse miljøa. Kva type kompetanse arbeidslivet har behov for i framtida, må avdekkast gjennom eit tett samarbeid mellom næringslivet, offentlig sektor og forskings- og utdanningsinstitusjonane.

Rett kompetanse for framtida

Utdanningstilboda må vere retta inn mot grøn næringsutvikling og innovasjon. Tverrgående tema som berekraft, digitalisering og relasjonskompetanse må integrerast i alle utdanningsløp, samstundes som vi må utvikle spisskompetanse gjennom spesialiserte utdanningar for å dekke behovet i dei nye næringane. Arbeidslivsrelevansen i alle utdanningar må styrkast for å sikre at kompetansen til dei uteksaminerte kandidatane kan takast i bruk og fremje innovasjon i arbeidslivet.

Det må rettast spesiell innsats mot å vri eller spisse kompetansen til dei som allereie er i arbeid gjennom etter- og vidareutdanningstilbod som raskt kan tilpassast behova som veks fram. Næringslivet i Vestland er allereie verdsleiande på fleire område. Kompetansen til dei tilsette må byggjast vidare på og spissast inn mot dei nye behova i beslektede næringar. Det vil òg vere behov for å tiltrekke seg høgkvalifisert arbeidskraft nasjonalt og internasjonalt, for at næringslivet skal lukkast med å ta nye konkurranseposisjonar i ein marknad kor utviklinga går stadig raskare.

Auka endringstakt i arbeidslivet gjer god karriererettleiing nødvendig både for dei som skal velje utdanning for første gong og for dei som må ta nye val i løpet av yrkeslivet. Karriererettleiinga må vere basert på oppdatert kunnskap om arbeidslivets behov, og kunne kjennast igjen på tvers av utdanningsnivå og sektorar.

Sikre tilgang på arbeidskraft

For å sikre tilstrekkeleg tilgang på arbeidskraft må vi jobbe systematisk med å kartlegge kompetansebehova og kople denne kunnskapen mot tilbodsstrukturen i utdanningssektoren. Utdanningsinstitusjonane må i større grad.

Dimensjonere tilboda sine i tråd med arbeidslivets behov for arbeidskraft. I tillegg må vi jobbe aktivt med å behalde nyutdanna kandidatar i fylket gjennom tettare kontakt mellom elev/student og arbeidslivet undervegs i utdanninga, til dømes auka bruk av praksis, traineestillingar osv.

Med eit arbeidsliv som stiller stadig høgare krav til kompetanse, er det avgjerande å gjere utdanning meir tilgjengeleg. Kvar einiskild må kunne fylle på kompetansen sin uavhengig av kor dei bur og jobbar. Desentraliserte og fleksible utdanningstilbod er viktig for heile fylket, men spesielt i distriktsområde med lang avstand til studiestadane. Det er behov for å etablere utdanningshubar i distrikta med fysiske læringsmiljø i relasjon med lokalt næringsliv, supplert med digitale kompetanseressursar. Utdanningstilboda må utviklast av utdanningsinstitusjonane i tett samarbeid med arbeidslivet.



LIVSLANG LÆRING: Auka endringstakt i arbeidslivet gjer god karriererettleiing nødvendig både for dei som skal velje utdanning for første gong, og for dei som må ta nye val i løpet av yrkeslivet. Foto: Morten Wanvik.



GRØNT SKIFTE: Fjord Base er Norges «grønaste» forsyningsbase, med mellom anna landstrøm på kaiane og ein maskinpark (kranar, truckar etc.) som for ein stor del er skifta ut til elektrisk materiell. Nye satsingar er fisk på land og hydrogenproduksjon. Foto: INC Gruppen/Saga Fjordbase.

For å lukkast med den grønne næringsutviklinga er det viktig å nytte all tilgjengeleg arbeidskraft. Vi må gjere dei som i dag står utanfor arbeidsmarknaden relevante for framtidens arbeidsliv.

I mange kommunar er det eit stort behov for arbeidskraft, samstundes som folketalet går ned. Aktørane i arbeidslivet må jobbe systematisk med rekruttering av nye arbeidstakarar. Vi må aktivt marknadsføre attraktive, grønne arbeidsplassar i innovative og inkluderande miljø for å trekke til oss ny arbeidskraft.

Konkurransen om arbeidskraft i Noreg vil auke i tida framover. Vi har ein unytta arbeidskraftreserve hos menneske med ei eller anna form for funksjonsnedsetjing. Vestland fylke vil både som arbeidsgjevar og saman med partnerane i næringslivet arbeide for at denne arbeidskrafta blir inkludert. Det er også behov for å legge til rette for fleire arbeidstakarar

frå utlandet. Det vil framleis være behov for mellombels utanlandsk arbeidskraft, men det bør i større grad òg leggjast til rette for å auke tilflyttinga av utanlandske arbeidstakarar på meir permanent basis for å dekke opp behovet for arbeidskraft.

Samarbeid om kompetanseutvikling

Utfordringane knytt til kompetanse utvikling og rekruttering må løysast gjennom godt samarbeid mellom dei største utdanningsinstitusjonane, offentleg sektor og næringslivet. Vestland fylkeskommune har etablert ein samarbeidsmodell som består av Kompetanseforum Vestland, lokale kompetanseforum i regionane i fylket og kontaktpunkt i viktige næringar og sektorar. Kompetanseforum Vestland jobbar systematisk med å identifisere kompetansegapet i arbeidslivet og finne moglege løysingar. Dette samarbeidet må vidareutviklast og forsterkast.



lorEngros

08-17
~~(10-15)~~

Olai

Concord - Campus Verftet

EMERGENCY EXIT / ISSUE DE SECOURS

ENVEST BKK W

Concord Campus Verftet

Landsting Helse Forne Høgskolen

skysst

EASY MILE

Hold avstand - jeg kan bråbremse

EC 71860

skysst

e2.10

e2.10



3. Frå plan til handling

SJØLVKØYRANDE BUSS I FØRDE: Prosjektet skal sikre innovasjon og læring om sjølvkøyrande køyretøy og om reaksjonen frå dei reisande.
Foto: Morten Wanvik.



FRAMTIDSRETTA NÆRINGSRLIV: I Vestland er det fleire sterke fagmiljø med kompetanse på alt frå kunstig intelligens, robotikk, reguleringsteknikk, hardware, rapid prototyping til forretningsutvikling. Mange av verksemdene på desse områda er underleverandørar til industrien i fylket. Foto: Morten Wanvik.

Regional plan for innovasjon og næringsutvikling er ein tolv-årig plan. Planen er styrande for arbeidet i partnerskapen for innovasjon og næring i Vestland fylke. Styringsgruppe for planen er Næringsforum Vestland. Prioriteringane i planen blir konkretisert gjennom fireårige handlingsprogram og årsplanar.

3.1 Handlingsprogram og årsplanar

Planen er overordna og har eit langsiktig perspektiv. Vi skal gjere aktuelle og dynamiske prioriteringar i heile planperioden. Trong for å rullere handlingsprogrammet blir vurdert årleg i tråd med plan og bygningslova. Eit fireårige handlingsprogram skal sikre forpliktande samarbeid i partnerskapen

og bidra til å prioritere satsingar for å nå målsettingane. Det viktigaste føremålet med ein fireårige handlingsprogram er:

- konkretisere satsingane og måla i planen,
- å kombinere ulike verkemiddel
- å identifisere kunnskapsbehov og forskingsinnsats
- å fordele oppgåver i partnerskapen
- å legge grunnlag for oppdrag til operativt ansvarlege
- å gi eit klarare bilete av kva vi skal ha oppnådd slutten av ein programperiode

Denne planen skildrar aktivitet som går utover den enkelte aktør sitt budsjett. Samarbeidet om å nå måla vert viktig. Gjennom årlege handlingsplanar og oppfølging i budsjett og økonomiplan sikrar vi mindre kursjusteringar og økonomiske og administrative rammer for å setje i verk planen.

3.2 Samarbeid og forpliktande partnerskap

For fylkeskommunen og partnerskapen er samarbeidet med kommunane særskilt viktig. Kommunane har ein nøkkelfunksjon for at fylkeskommunen skal kunne løyse oppgåvene sine effektivt og best mogleg. Denne funksjonen er blitt viktigare etter samanslåinga mellom dei to fylka. Den regionale planen skal leggast til grunn for regionale organ si verksemd og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i fylket, jamfør Plan og Bygningslova § 8-2. Planen skal også kunne vere kommunane sin overordna plan innan innovasjon og næring, Kommunar og regionråd er difor sentrale aktørar i oppfølginga av planen.

Planen forpliktar partnerane som har ansvar for innhald og oppfølging av planen. Fylkeskommunen som regional utviklingsaktør har ansvar for leing og koordinering, og dei andre partane skal vere likeverdige aktørar i oppfølging av planen. Partnerskap skal vere styringsform i oppfølging av planen. Alle deltakarane må ta ressursar inn i arbeidet. Partnerskapen skal jobbe saman om oppfølging av planen, utvikling av handlingsprogram og andre større vedtak. Partnerskap er forpliktande og blir regulert av ein partnerskapsavtale eller gjennom mandat for arbeidet.

Eit godt samarbeid, gode møteplassar og avklarte prosessar knytt til oppfølging av planen er sentrale prinsipp i oppfølginga.

Det er Vestland fylkeskommune som planmyndigheit, ved fylkesdirektør for innovasjon og næringsutvikling, sitt ansvar å koordinera arbeidet. Næringsforum Vestland har ein sentral rolle og skal sikre koordinert og effektiv bruk av offentlege ressursar til næringsutvikling i fylket, her under samarbeid mellom dei ulike aktørane i gjennomføringa av konkrete tiltak.

Næringsforum Vestland har slik samansetting:

- Vestland fylkeskommune
- Innovasjon Norge Vestland
- Statsforvaltaren i Vestland
- Fiskeridirektoratet Region Vest
- NAV Vestland
- Universitetet i Bergen
- Høgskulen på Vestlandet
- Norges Handelshøyskole
- NHO Vestlandet

- LO Vestland
- Norges forskingsråd
- KS Vestland, ved dagleg leiar
- Bergen kommune
- Siva

3.3 Verktøy og verkemiddel

For å nå måla i planen er verktøy og verkemiddel viktig. Utan verktøy og verkemiddel kan ingen av måla nåast, eller satsingar gjennomførast. Verktøy og verkemiddel er ikkje statiske. Nye kjem til, og andre vert tatt bort. Ei «komplett oversikt» vil difor ha avgrensa relevans i eit langsiktig og overordna planperspektiv.

For å betre kunne nytte, utvikle og samordne innsats i gjennomføring av planen må vi ha god oversikt over kva innovasjons- og utviklingsverkemiddel vi har, korleis dei kan nyttast eller utviklast og kva nye verktøy og verkemiddel vi treng. Bruk av verkemiddel må vere dynamisk og basert på behov. Vi har identifisert ulike typar verkemiddel:

- Økonomiske verktøy og verkemiddel
- Politiske verktøy og verkemiddel
- Forvaltningsmessige verktøy og verkemiddel
- Juridiske verktøy og verkemiddel
- Samarbeidsverktøy, forskning/kunnskap/FOU

Når det skal lagast handlingsplanar er val av verkemiddel sentralt. I arbeid med å gjennomføra planen vil ein nytte samansette verkemiddel eller verktøypakker, meir enn bestemte enkelt verktøy. Å realisere konkrete vedtekte målsettingar er komplekst og krev gjennomarbeida verktøy og verkemiddelløysingar. Det må vurderast korleis ein kan nytte ulike internasjonale, nasjonale og regionale verkemiddel strategisk til å nå måla i planen. Korleis kan vi nytte eigne verkemiddel som til dømes oppdragsbrev og tilsegn. Vi må og identifisere om det er behov for nye verktøy.

3.4 Verknad for miljø og samfunn

Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033 er heimla i Plan- og bygningslova (Pbl). I Pbl. § 1-1. Lovens formål kjem det tydeleg fram at pbl. skal fremje berekraftig

utvikling til det beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar. Alle tre dimensjonar av berekraft skal dekkast i regional plan for innovasjon og næringsutvikling, både sosial, miljømessig og økonomisk berekraft.

Med tema innovasjon og næringsutvikling er økonomiske berekraftsmål særleg viktige. Planen har også ein grøn, miljømessig dimensjon gjennom at den økonomiske utviklinga skal bidra til å stoppe klimaendringane, og vere pådrivar for nullutslepp. For å legge til rette for berekraftig utvikling må den regionale utviklinga ivareta tre perspektiv:

- klima, miljø og økologi
- økonomi
- sosiale forhold

Den sosiale berekrafta er viktig for at arbeidet med innovative og inkluderande lokalsamfunnsamfunn skal få den utviklinga som er ønskt i alle deler av fylket. Planen vil difor både påverke lokalsamfunn og næringslivet til å bidra til ei positiv miljøutvikling. Planen vil også påverke samfunn og lokalmiljø. Den vil arbeide for at heile fylket skal takast i bruk, og saumlause samarbeid mellom lokalsamfunn, bedrifter og kunnskapsmiljø.

Regional plan for innovasjon og næringsutvikling, inneheld sentrale føringar knytt til areal for næringsutvikling. Desse vil bli nytta i samband med utvikling av næringsareal. Føringane gir ikkje (juridiske) bindingar eller rammer for utbygging. Dei er overordna og utløyser ikkje krav om konsekvensutgreiing.

Satsingane denne planen definerer bidrar alle til å nå mål og strategiar i utviklingsplanen. Når det gjeld FN sine berekraftmål vil planen legge til rette for langsiktig og berekraftig verdiskaping, og særleg bidra til å nå dei økonomisk berekraftmåla

8. Anstendig arbeid og økonomisk vekst
9. Industri innovasjon og infrastruktur
11. Berekraftige byar og lokalsamfunn
12. Ansvarleg forbruk og produksjon
13. Stoppe klimaendringane
17. Samarbeid for å nå måla

Berekraftig utvikling er ei utvikling som tilfredsstillar dagens behov utan å øydelegge framtidige generasjonar sin moglegheiter til å tilfredsstillast sine behov. For å skape berekraftig utvikling må den regionale utviklinga ivareta tre dimensjonar:

- Klima og miljø
- økonomi
- sosiale forhold

Økologisk berekraft er del av den første dimensjonen. Det er samanhengen og prioriteringar mellom desse tre dimensjonane som avgjer om noko er berekraftig. For ikkje å bruke opp ressursgrunnlaget vårt, må vi finne løysingar som balanserer belastninga på miljøet med forbruket og økonomien vår, og vi må finne betre måtar å fordele ressursane på. Det er berekraftig både for menneske og miljø.

3.5 Kopling til andre planar

Det har vore ei målsetjing å avgrense talet på planar, både regionale planar, men også tema- og strategiplanar. Ei forenkling og samordning av plansystemet vil tene to formål – ei meir heilskapleg planlegging der ein ser samfunnsplanlegginga i samanheng, samt at det blir lettare for både kommunane, regional stat, fylkeskommunen og ålmenta å forhalda seg til færre planar.

I Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 er det lagt føringar for at denne planen skal sjåast i samanheng med andre regionale planar, som t.d. regional klimaplan, regional plan for senterstruktur, regional plan for kompetanse, regional transportplan og regional plan for fornybar energi. Regional plan for innovasjon og næringsutvikling er først i rekkja, og det er behov for samarbeid og koordinering med andre planer etterkvart, både i planfasen og i gjennomføringsfasen.

I utviklingsplanen og i planprogrammet er det peika på ei rekkje temaplanar og strategiar som skulle innarbeidast i Berekraftig verdiskaping – Regional plan for innovasjon og næring. Desse er innarbeida i satsingane i den regionale planen. Innhaldet vil bli tydelegare i det første fireårige handlingsprogrammet. Sjølv om ein skal ha minst mogleg planar



og ei samordning av plansystemet, så kan det bli trong for egne temaplanar og strategiar. Dette blir vurdert og justert i samband med utarbeiding av nye handlingsprogram.

I møte 29. oktober 2020, i sak 134/2020 gjorde fylkestinget følgjande vedtak: Vestland fylkesting vil i oppfylginga av utviklingsplanen og andre styringsdokument for Vestland fylke leggje stor vekt på å utvikle målretta tiltak for å utvikle industrikommunane. Fylkestinget vil arbeide for gode rammevilkår for industri som er basert på fornybar energi og medverke til at SSB sine prognosar 2020-2050 ikkje blir ein realitet på dette området.


Med ei målsetting om berekraftig verdiskaping, vert industrien og industrikommunane viktige samarbeidspartar. Vidare er fornybar energi tatt fram som ein nøkkel for arbeidet i planperioden. Også denne satsinga blir meir konkretisert i samband ut utarbeiding av handlingsprogram.

3.6 Resultatmåling og evaluering

Saman med handlingsprogram og årsplanar vil det bli utarbeidd meir konkrete mål og strategiar for satsingane. Det skal også utarbeidast eit indikator-system for å overvake utvikling i fylket, og evaluere om tiltaka som bli sett i verk fører til effektiv verkemiddelbruk og måloppnåing. Indikatorsystemet skal ha tre nivå:

- **Nivå 1:**
Indikatorar for å overvake utviklinga i fylket og jamføre med andre geografiske einingar på overordna mål ved hjelp av offentleg statistikk, t.d. verdiskaping, eksportgap og klimagassutslepp
- **Nivå 2:**
Indikatorar for å prioritere satsingsområde og målgrupper
- **Nivå 3:**
Indikatorar for å måle resultat og effekt i ei definert målgruppe som verkemidlane er retta inn mot

Det skal lagast eit dynamisk framstilling som viser utviklinga på dei tre nivåa.




INNOVASJON: Ny teknologi og nye tekniske løysingar blir viktig for utviklinga av Vestland. Foto: Morten Wanvik.

Definisjonar/ordliste

Omgrep	Forklaring
Berekraft / Berekraftig utvikling	Berekraftig utvikling er utvikling som tilfredsstillar dagens behov utan å øydelegge framtidige generasjonar sine mogleheiter til å tilfredsstillar sine behov. For å skape berekraftig utvikling må verdssamfunnet jobbe på tre område: Klima og miljø - Økonomi - Sosiale forhold
Berekraftsmål	FNs berekraftsmål er verdas felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, kjempe mot ulikheit og stoppe klimaendringane innan 2030
Entreprenørielle oppdagingsprosesser	Prosessane for å finne fram til måtar å vidareutvikle spesialiseringa blir kalla entreprenørielle oppdagingsprosesser. Dei tek utgangspunkt i at ingen aktørar aleine ser alle moglege vidare utviklingsveier. Men når bedrifter, forskarar og andre aktørar får tilgang til kunnskap som er forskjellig frå deiga eigen, men ikkje så forskjellig at dei er ute av stand til å forstå eller bruke den, aukar sjansane for innovasjon.
European Green Deal	EU sin grøne vekststrategi – European Green Deal – legg opp til klima- og miljøpolitikk som går på tvers av politikkområde. Målet om klimanøytralitet i EU i 2050 er styrande for innhaldet i strategien. Stikkorda er meir berekraftig og sirkulær økonomisk utvikling med mindre forureining og lågare klimagassutslepp, betre helse, auka livskvalitet og nye arbeidsplassar. Strategien vektlegg eit breitt samarbeid mellom næringsliv, kommunar og regionar. Ambisjonen er at EU skal være første klimanøytrale kontinent i 2050, og at ein klarer 55 % reduksjon i klimagassutslepp til 55 % (frå 1990) i 2030.
Grøn vekst	Auka verdiskaping med mindre samla miljøbelastning. Ofte sett i motsetning til konvensjonell, «brun» vekst. Som kan definerast som auka verdiskaping der samla miljøbelastning aukar på tross av auka produktivitetsvekst. Her spiser volumet på veksten opp gevinsten av forbetringane. Døme sjølv om kvar bil har fått litt betre motor, køyrer fleire biler meir, slik at totale utslepp likevel går opp. (Per Espent Stoknes, BI)
Grøn konkurransekraft	For næringslivet er grøn konkurransekraft evna til å konkurrere globalt i ei tid der sterke verkemiddel vert tatt i bruk for å nå politiske klima- og miljømål. For å bli eit lågutsleppssamfunn må verda ta i bruk nye og sterkare verkemiddel i klimapolitikken, enn det ein er van med. Dette føreset også Parisavtalen. Elektrisitetsproduksjon og oppvarming må gradvis bli lagt om til nullutsleppsløysingar, transportmiddel må bli tilnærma utsleppsfrie, industriens prosessutslepp må bringes kraftig ned, jordbrukets utslepp reduserast og opptak av klimagassar i skog og landareal aukast. Dette vil endre rammene for næringslivet i alle land. Ny teknologi må utviklast og tas i bruk. Samtidig vil etterspørselen vris mot nye varer og tenester. For å takle omstillinga må næringslivet kunne dekke sine kostnader, inklusive klima- og miljøkostnader, med de prisene det kan oppnå for sine varer og tenester (regjeringa sin strategi for grøn konkurransekraft)
Grøn næringsutvikling	Grøn næringsutvikling betyr at produksjon, tenester og næringsaktivitet skal utviklast i ei retning som er meir berekraftig for miljø og klima, og i tråd med FN sine berekraftsmål.
Innovasjon	Det finnes ulike definisjonar på innovasjon. Dei er ikkje i konflikt med kvarandre men bringer gjerne fram ulike dimensjonar i kva omgrepet skal dekke. Vi trekker fram to definisjonar her: <ul style="list-style-type: none"> «Innovasjon er å fornye eller lage noko nytt som skaper verdi for verksemd, samfunn eller innbyggjarar. Forma er eksperimenterande og løysinga er ikkje kjent på førehand.» (Difi) «Nytt, nyttig, nyttiggjort. Innovasjon er noko nytt og nyttig som er tatt i bruk og skaper verdi» (KS)

Omgrep	Forklaring
Netto nullutslepp	<p>Netto nullutslepp er definert som balanse mellom klimagassutslepp og opptak av klimagassar. Det må fjernast minst like mykje CO2 frå atmosfæren som det vert slept ut. Denne planen nyttar same definisjon, og legg til grunn følgjande mål om å kutte CO2- utslepp og andre sterke klimagassar:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Visjonen om netto nullutslepp inneber ein utsleppsreduksjon av direkte utslepp med mål om netto nullutslepp innan 2030 • Utsleppa vert rekna som CO2-ekvivalentar, dette inkluderer sterke klimagassar som metan og lystgass, i tillegg til CO2 • Alle fossile utslepp skal fjernast • Naturlege utslepp frå husdyr og gjødsel vil førekomme, men skal reduserast så mykje som råd • Utslepp som ikkje er mogeleg å redusere, kan aktørane sette ut ved kvotekjøp i medhald av GHG-protokollen (The Greenhouse Gas Protocol). GHG-protokollen er eit internasjonalt anerkjent verktøy som kvert brukt til å berekna og rapportere klimagassutslepp
Parisavtalen	<p>Parisavtala er ei internasjonal avtale om klimapolitikk. Den vart vedteken som ei juridisk forpliktande avtale på klimatoppmøtet i Paris 12. desember 2015. Praktisk talt alle FN sine medlemsland har slutta seg til avtala. Formålet med avtala er å «styrke den globale responsen på trusselen som klimaendringene utgjør». Avtalen etablerer eit mål om å avgrense temperaturauken på jorda til «godt under» 2 °C, og helst til 1,5 °C.</p>
Smart spesialisering	<p>Alle regionar har særlegne moglegheiter og ulike føresetnader for næringsutvikling. Både regjeringa, OECD og EU anbefalar å utnytte disse forskjellane og skreddarsy politikken til kvar region. Smart spesialisering er en metode for å få det til.</p> <p>Entreprenørielle oppdagingsprosessar er sentralt i metoden (sjå eiga definisjon)</p>
Taksonomi	<p>EU skal innføre eit klassifiseringssystem (taksonomi) for berekraftig økonomisk aktivitet. Det er truleg EØS-relevant, men er foreløpig ikkje tatt inn i EØS-avtala. Taksonomien vil danne grunnlaget for europeiske standardar og merkeordningar for finansielle instrument og produkt. For at en økonomisk aktivitet skal reknast som berekraftig må den bidra vesentleg til å oppnå minst eitt av seks definerte miljømål:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Reduksjon av klimaendringar • Klimatilpassing • Berekraftig bruk og vern av vatn- og marine ressursar • Omstilling til ein sirkulærøkonomi, avfallsforebygging og gjenvinning • Førebygging og kontroll av ureining • Vern av artsmangfald og sunne økosystem



vestlandfylke.no